

# Fortid & notid for framtid

Arkiv og kulturformidling

Selskapsavtale for Interkommunalt arkiv for  
Møre og Romsdal IKS gjeldande frå 01.01.2020

## § 1 Namn

Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS (IKA) er ei interkommunal verksemd som er oppretta med heimel i lov om interkommunale selskap av 29. januar 1999. Kommunar, fylkeskommunar og interkommunale selskap kan være eigarar i selskapet.

Selskapets firma er "Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal IKS".

Selskapet har følgjande eigarar:

Namn	Org. nr.	Namn	Org. nr
Molde kommune	921221967	Volda kommune	939 760 946
Kristiansund kommune	945 281 871	Aukra kommune	964 981 337
Ålesund kommune	920 415 288	Vestnes kommune	939 901 965
Vanylven kommune	964 281 871	Rauma kommune	864 980 902
Sande kommune	822 534 422	Averøy kommune	962 378 064
Herøy kommune	964 978 840	Hustadvika kommune	921 133 642
Hareid kommune	964 979 278	Gjemnes kommune	964 981 426
Ulstein kommune	964 979 456	Tingvoll kommune	964 981 515
Ørsta kommune	939 461 450	Sunndal kommune	964 981 604
Stranda kommune	964 980 098	Surnadal kommune	964 981 892
Fjord kommune	921 891 687	Rindal kommune	940 138 051
Sykkylven kommune	964 980 365	Aure kommune	988 913 898
Sula kommune	964 980 543	Smøla kommune	945 012 986
Giske kommune	964 980 721	Møre og Romsdal fylkeskommune	944 183 779

## § 2 Rettsleg status

Verksemda er eit eige rettssubjekt, og arbeidsgjeveransvaret ligg til styret.  
Verksemda skal registrerast i Foretaksregisteret.

## § 3 Hovudkontor

Selskapet har sitt hovudkontor i Ålesund kommune.

## § 4 Føremål og ansvarsområde

Selskapet skal arbeide for at arkivmateriale frå eigarane eller slikt materiale som desse tek ansvar for, blir teke vare på og gjort tilgjengeleg for offentleg bruk, forsking og andre administrative og kulturelle føremål, i samsvar med arkivlova.

Selskapet skal i samråd med eigarane arbeide for å utvikle effektive og rasjonelle arkivtenester hos eigarane, m.a. ved å bistå i utarbeiding av arkivplan og oppbygging av eigaranes arkiv, stå for opplæring og rettleiring i arkivsystem og arkivrutinar, gje råd og ha tilsyn med arkivlokale, og bistå med anna arkivarbeid for eigarar.

Selskapet utfører arbeid for den einskilde eigar som står i høve til eigarens del av driftstilskotet.

Selskapet kan etter nærmere vedtak av styret prise visse tenester og slik ha eigne inntekter. Dei tenestene som kan prisast skal i hovudsak vere slike som ikkje vil bli gjevne til alle eigalarar, eller eigalarar vil ha ulik etterspurnad etter, eller tenester som ligg utanfor arkivets hovudføremål.

Selskapet skal vere ein bidragsytar i problemstillingar knytt til private arkiv.

Til gjennomføring av spesielle prosjekt utanom arkivets ordinære arbeidsoppgåver, blir det søkt finansiering mellom eigalarar eller andre som spesielt ønskjer prosjektet gjennomført.

Selskapet har høve til å ta på seg konsulentoppdrag for andre, når oppdragsgjevar betaler for tenestene og det ikkje går ut over arkivets hovudoppgåver.

Definisjonen av føremål og ansvarsområde er uttømmande. Styret og representantskapet har ikkje mynde til å fatte vedtak på område som ikkje er nemnt ovanfor.

## § 5 Innskotsplikt og eigardel

Eigarane betalar årleg inn midlar til drift av selskapet i samsvar med vedtak i representantskapet. Grunnlaget for utrekninga av driftstilskotet skal vere folketalet ved siste årsskifte og ein fordelingsnøkkel som blir fastlagt av representantskapet. For eigalarar som ikkje kan legge folketal til grunn, og for nye eigalarar, skal innskotet fastsetjast av representantskapet.

Oppgåve over kostnader og fordeling av desse på den enkelte eigar skal ligge ved selskapsavtalen, og må vedtakast særskilt av kvar enkelt eigar.

Eigardelen for kvar deltakar blir fastsett slik det går fram av vedlagte oppstilling over eigardel og eigarinnskot. Eigardelen er utrekna i prosent og gjev slik fordeling:

Kommune	Eigardel
Molde kommune	9,183
Kristiansund kommune	6,144
Ålesund kommune	18,099
Vanylven kommune	1,364
Sande kommune	1,212
Herøy kommune	2,669
Hareid kommune	1,815
Ulstein kommune	2,597
Ørsta kommune	3,106
Stranda kommune	1,681
Fjord kommune	1,882
Sykylven kommune	2,381
Sula kommune	2,747
Giske kommune	2,549
Volda kommune	2,730
Aukra kommune	1,449
Vestnes kommune	2,128
Rauma kommune	2,343
Averøy kommune	1,972
Hustadvika kommune	4,292
Gjemnes kommune	1,246
Tingvoll kommune	1,337
Sunndal kommune	2,257

Surnadal kommune	1,990
Rindal kommune	1,107
Aure kommune	1,452
Smøla kommune	1,131
Møre og Romsdal fylkeskommune	17,138
<b>Sum:</b>	<b>100,000</b>

Eigardelen blir justert kvart fjerde år, første gong i år 2004. Eigardelen skal likeeins justerast ved inn- og utmelding, og ved endringar i eigarstruktur. Avtalen vert justert til år 2020 (basert på eigarinnskot for 2019).

## § 6 Ansvarsfordeling

Den enkelte eigar hefter ubegrensa for sin eigardel av selskapets forpliktelsar.

## § 7 Selskapets organ

Selskapet skal ha følgjande tre organ:

- Representantskapet
- Styret
- Dagleg leiar

## § 8 Representantskapet

Det øvste organet for verksemda er representantskapet, der eigarane oppnemner sine respektive representantar. Kvar eigar skal ha 1 – ein - representant.

Valet gjeld for den kommunale valperioden.

Representantskapet konstituerar seg sjølv og vel sjølv sin leiar og nestleiar.

Ved votering i representantskapet skal representantane si stemme telle ulikt og i høve til eigaranes eigardel, jf. § 5.

Eigarane har instruksjonsmynde overfor sine representantar i representantskapet, medan representantskapet har instruksjons- og omgjeringsmynde overfor styret.

## § 9 Representantskapets møter

Det skal innkallast til ordinært representantskapsmøte innan utgangen av april månad. Innkalling til ordinært representantskapsmøte skal skje skriftleg med minst fire vekers varsel, og skal innehalde ei saksliste. Med tilsvarande frist skal også dei einskilde eigarane varslast.

Ordinært representantskapsmøte behandlar:

1. Årsmelding og rekneskap
2. Val til styret
3. Overordna mål og retningslinjer for drifta
4. Økonomiplan, budsjettføresetnader og -rammer
5. Rammer for låneopptak og tilskot frå eigarane
6. Andre saker som er førebudd ved innkallinga

Representantskapets leiar kallar inn representantskapet. Leiaren skal sørge for at det blir ført protokoll frå møta. Protokollen skal normalt lesast opp og godkjennast av representantskapets medlemer ved møtets avslutting.

Ekstraordinært representantskapsmøte til behandling av særskilt nemnde spørsmål skal innkallast skriftleg med to vekers varsel når to styremedlemer eller eitt/fleire representantskapsmedlemer ber om det eller om representantskapets leiar finn behov for det.

Styrets leiar og dagleg leiar har møteplikt i representantskapet, og alle styremedlemene og dagleg leiar har møte- og talerett.

Representantskapet er vedtaksfør når minst halvdelen av eigarane er til stades, og desse representerer minst to tredeler av stemmene.

## **§ 10 Budsjettbehandlinga**

Representantskapet vedtek budsjettføresetnader og budsjetttrammer for det påfølgjande kalenderår.

Styret førebur representantskapets behandling av budsjettføresetnader og budsjetttrammer. Dersom styrets forslag går ut over tidlegare føresetnad eller har konsekvensar som går ut over rammene i eigarane sin økonomiplan, skal representantskapet og eigarane gjerast merksam på dette. Det same gjeld om styret må fremme forslag til endringar i vedtekne budsjettføresetnader for verksemda.

Styret vedtek detaljert budsjett innanfor budsjettføresetnader og budsjetttrammer gjevne av representantskapet. Ferdigbehandla budsjett skal sendast eigarane innan 1. juni. Styret syter også for utarbeidning av økonomiplan som viser utvikling av kostnader og konsekvensar for drifta i ein fireårsperiode. Denne skal godkjennast av representantskapet og sendast eigarane som grunnlag for eigarane sine økonomiplanar.

Budsjett som føreset tilskot frå eigarane, er ikkje endeleg før eigarane sine budsjett er behandla etter kommunelova.

## **§ 11 Styret**

Styret blir valt av representantskapet. Representantskapet vel ei valnemnd som førebur valet. Styret skal ha 5 medlemer. Styrets leiar, nestleiar, medlemer og varamedlemer skal veljast av representantskapet for fire år. Styremedlemene skal ha personlege varamedlemer.

Kriterie for val av styremedlemar er å sikre at styret er satt saman på ein måte som avspeglar bredde i kompetanse og kjønnsbalanse.

Halvparten av styret vert vald annankvart år.

Ein representant for dei tilsette har møte- og talerett i styret.

Dagleg leiar eller representantskapsmedlemer kan ikkje vere medlemer av styret.

Spørsmål om fritak av styremedlem blir behandla av representantskapet. Ved endeleg uttreden eller varig forfall, skal det gjennomførast suppleringsval for attverande del av funksjonstida.

Styret sine oppgåver er å realisere dei forventningane, bedriftsfilosofien og hovudmåla som eigarane ved representantskapet har vedteke. Styret skal setje opp delmål, legge opp strategiar, skaffe fram det nødvendige materiale for representantskapet og utøve styring gjennom det enkelte driftsår.

Styret skal føre løpende tilsyn med verksemda og har ansvar for at pålagte oppgåver blir utført i samsvar med lov, forskrifter og eventuelle pålegg. Styret syter for at saker som skal behandlast i ordinært representantskapsmøte er forsvarleg utgreidd. Styret set i verk representantskapets vedtak. Styret kan berre ta

opp lån eller påføre eigarane skyldnader i den utstrekning det ligg føre særleg vedtak om dette i representantskapet.

Styret tilset dagleg leiar.

Styret har instruksjons- og omgjeringsmynde overfor dagleg leiar.

Styret har eige reglement vedteken av representantskapet.

Styret representerer selskapet utad og teiknar selskapets firma. Styret kan gje styreleiar eller dagleg leiar rett til å teikne selskapets firma og kan fastsette at dei som har slik rett, må utøve den i fellesskap.

## **§ 12 Styret sine møte**

Styremøta blir leia av styreleiar. Styret fattar vedtak med alminneleg fleirtal. Ved votering i styret skal kvar stemme telle likt. Ved stemmelikskap tel møteleiar si stemme dobbelt. Styret er vedtaksfør når minst halvparten av medlemene er til stades, inkludert møtande varamedlemer. Styrets leiar syter for at det blir ført protokoll fra styremøta. Protokollen skal normalt lesast opp og underteiknast ved styremøtets slutt.

Kommunelova sine reglar om habilitet skal gjelde ved behandling av saker i styret og i representantskapet.

Dei tilsette sin representant har ikkje rett til å vere til stades ved behandlinga av saker som gjeld arbeidsgjevars førebuing til forhandlingar med arbeidstakarane, arbeidskonfliktar, rettstvistar med arbeidsgjevarorganisasjonar eller oppseiing av tariffavtalar.

## **§ 13 Dagleg leiar**

Dagleg leiar administrerer verksemda. Dagleg leiar har ansvaret for at alle arbeidsoppgåvene og arbeidsgiverfunksjonane blir utført i samsvar med gjeldande reglar, og etter styret sine vedtak.

Dagleg leiar tilset personale.

Dagleg leiar er styrets sekretær og saksbehandlar. Vedkomande har tale- og forslagsrett i styrets møte, dersom ikkje styret i enkeltsaker vedtek at vedkomande ikkje skal kunne møte.

## **§ 14 Organisering av tilsynsfunksjonar**

Dagleg leiar skal til ein kvar tid halde styret orientert om alle forhold av betyding for verksemda og om økonomi og personalforhold. Vedkomande skal rapportere til styret på ein slik måte og så ofte som situasjonen tilseier det og styret elles måtte bestemme. Styret skal syte for at representantskapet har nødvendig oversikt og i tide kan førebu nødvendige disposisjonar. Representantskapets møtebøker skal fortløpende sendast til eigarane.

## **§ 15 Personvern og bruk av forvaltningslov/offentlegheitslov**

Selskapet pliktar å overhalde dei til ein kvar tid gjeldande reglar og rutinar for personvern og informasjonssikkerhet.

Reglane i forvaltningslova skal gjelde for selskapet på same måte som for organ oppretta i medhald av kommunelova. Reglane i kommunelova om opne eller lukka møte skal gjelde for møta i representantskapet.

## **§ 16 Økonomiforvaltning**

Rekneskap skal førast etter kommunale rekneskapsprinsipp og budsjett skal følge budsjettforskrifter for kommunale og fylkeskommunale budsjett; jf selskapsavtalen § 22.

Verksemda skal følge eit økonomireglement vedteke av representantskapet.

## **§ 17 Låneopptak og garantitilsegn**

Selskapet kan ta opp lån innanfor ei ramme på kr 4 000 000,- for selskapet sitt samla låneopptak. Selskapet kan berre ta opp lån til kapitalføremål og til konvertering av eldre gjeld. Det kan også takast opp lån til likviditetsføremål, men slike lån må gjerast opp før rekneskapsavslutninga.

Representantskapet vedtek nærare rammer for låneopptak til verksemda innanfor totalramma fastsett i selskapsavtalen.

Selskapet kan ikkje stille garanti eller pantsetje sine eigendalar til trygd for andre sine økonomiske plikter. Verksemda kan ikkje sjølv låne ut pengar.

Dersom det blir kravd at eigarane (kommunane/fylkeskommunen) stiller garanti for låneopptak til verksemda, må vedtak om dette gjerast av dei respektive kommunestyra/-fylkestinget. Den enkelte eigar garanterer for sin del av lånet som tilsvrar eigardelen. Det er ein føresetnad at ev. garantitilsegn skjer i samsvar med reglane i kommunelova

## **§ 18 Arbeidsgjenvartilknyting**

Verksemda skal vere medlem av KS Bedrift.

## **§ 19 Arbeidsgjeveransvar**

Styret har det formelle arbeidsgjeveransvaret for dei personane som til ein kvar tid er tilsette i verksemda. Dagleg leiar har det daglege arbeigjivaransvaret og skal sørge for at arbeidstakarane sine rettar etter lov og avtaleverk blir ivaretakne.

Styret vedtek eit eige personalreglement for dei tilsette i verksemda. Styrets leiar eller dagleg leiar ivaretak selskapets interesser under lokale forhandlingar. Styret fastsetter løn til dagleg leiar.

## **§ 20 Møtegodtgjersle m.v.**

Godtgjersle for møte m.v. til leiar og medlemer av styret blir utbetalt etter reglement fastsett av representantskapet. Medlemene har rett til refusjon for tap i inntekt og utgiftsdekning tilsvarande reglane i kommunelova.

Leiar av representantskapet får godtgjerdelse frå selskapet for å førebu og leie representantskapsmøte.

## **§ 21 Klage**

Klage på tilhøve som gjeld verksemda sine oppgåver, ytingar eller tenester som er utført av selskapet, skal rettast til selskapet sitt styre. Finn ein av eigarane grunnlag for å forfølge saka, skal selskapet få høve til å uttale seg og eventuelt rette det påklaga tilhøvet.

## § 22 Rekneskap og revisjon

Styret har plikt til å sjå til at det blir ført lovmessige rekneskap og at det blir utført revisjon av selskapet.

Rekneskap skal først etter kommunale rekneskapsprinsipp og fastsetjast av representantskapet. Representantskapet vel revisor.

## § 23 Endring av selskapsavtalen

Endringar i selskapsavtalen må følgje lov om interkommunale selskap.

Framlegg til endringar av selskapsavtalen kan fremmest av styret, representantskapet eller ein/fleire av eigarane.

Styret skal ha høve til å uttale seg om framlegg til endring av selskapsavtalen før desse blir fremma for behandling i representantskapet og hos eigarane.

## § 24 Utelukking, uttreden og opplysing

Dersom ein eigar vesentleg mislegheld sine plikter i selskapsforholdet, kan dei øvrige eigarane samråystes vedta at vedkomande eigar skal utelukkast frå selskapet etter reglane i lov om interkommunale selskap.

Den enkelte eigar kan med minimum 1 1/2 års skriftleg varsel einsidig seie opp eigarskapet etter reglane i lov om interkommunale selskap. Oppseininga må vere kome inn til styret seinast 1. juli.

Framlegg til opplysing av samarbeidet må vedtakast samråystes av representantskapet. Vedtak om opplysing må godkjennast av samtlege eigarar og av departementet.

Fordeling av aktiva og passiva ved eventuell uttreden eller opplysing skal skje etter reglane i lov om interkommunale selskap.

Gjennomføring av avvikling skal skje etter reglane i lov om interkommunale selskap og ev. føresegner frå departementet.

Styret plikter å melde frå om avviklinga til Føretaksregisteret.

## § 25 Voldgift

Eventuell tvist om forståing av selskapsavtalen og om fordeling av utgifter eller i samband med det økonomiske oppgjeret etter opplysing, skal avgjerast endeleg av ei voldgiftsnemnd på tre medlemer som blir oppnemnt av fylkesmannen, om ikkje anna ordning følgjer av lov eller forskrift. Tvisten skal først søkjast løyst gjennom forhandlingar mellom partane.

## § 26 Andre reglar

For område som ikkje er direkte regulert gjennom stiftsesavtalen, gjeld den til ein kvar tid gjeldande lov om interkommunale selskap.

## **§ 27 Verknadstidspunkt**

Denne selskapsavtalen trer i kraft frå det tidspunkt den er vedteken av samtlege eigarar.